



Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen
Dato: 08.06.2026
Tid: klokka 12.00 - 16.00

Desse møtte	Representerer	Funksjon
Torill Oda Ringstad	AP	medlem
Bernt Brandal	FOHA	ordfører
Kristian Fuglseth	FOHA	medlem
Oskar Grimstad	FRP	varaordfører
Øyvind Grimstad	INP	medlem

Forfall	Representerer	Varamedlem	Representerer
Annika Hove	FOHA	Annika Brandal	V
Ranja Dimmen Alme	FOHA	Kjetil Nettet	FOHA

Møtenotater:

Frå administrasjonen møtte:

- Bent Arild Grytten, kommunedirektør
- Ottar Røyset, kommunalsjef velferd
- Helge Hamre, kommunalsjef læring og kultur
- Bjørnar Haddal, økonomileiar
- Melinda Skeide, einingsleiar kultur
- Johannes Bjarne Alme, einingsleiar næring
- Henrik Johansen, einingsleiar kommunal eigedom
- Erlend Friestad, rådgivar kommunikasjon og beredskap
- Rønnaug Beate Mork, planleggar
- Kristian Stråmyr, leiar servicetorg (møtesekretær)

Andre som møtte:

- Erik Herigstad, prosjektleiar Pålhaugen

Møte slutt: 15.00

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 60/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/861
PS 61/26	Godkjenning av protokoll	26/861
PS 62/26	Orienteringar og spørsmål	26/861
PS 63/26	Referatsaker	26/861
PS 64/26	Høyringsinvitasjonar	26/861
PS 65/26	Høyring endring av vallova - oppteljing av førehandsrøyster	26/671
PS 66/26	Barnehagerute for 2026/2027 for kommunale barnehagar i Hareid	25/231
PS 67/26	Eigengodkjenning Detaljregulering Syverplassen barnehage (planID 20240001)	24/438
PS 68/26	Nasjonaljubileet 2030 - Jubileumsstafett - Valldal 2029	25/1285
PS 69/26	Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane	26/786
PS 70/26	Oppretting av kommunekomité og deltaking i NRK TV-aksjonen 2026 – NRC Flyktninghjelpen	26/301
PS 71/26	Samanslåing av eldrerådet og rådet for personar med funksjonsnedsetting (RFU) – slutthandsaming etter høyring	26/234
PS 72/26	Omsorgsbustadar ROP - Val av tomt for plassering av bustadar	24/783
PS 73/26	Ny felles gebyrforskrift for vatn og avløp i sjustjerna	26/821
PS 74/26	Klage på vedtak med saksnr. 48/26 og 101/24 - oppføring av frittliggande bustadhus - Plassane 75 - gnr. 41 bnr. 372	24/705
PS 75/26	Nivå på budsjettering i budsjett og økonomiplan	25/963
PS 76/26	Rapport 1. tertial 2026 Hareid kommune	26/566
PS 77/26	Vedlikehald av Åsenvegen	26/520

Hareid, 10.06.2026

Bernt Brandal
ordfører

PS 60/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjende.

Behandling:

Det blei arrangert synfaring ved Pålhaugen før starten av møtet. Prosjektleder Erik Herigstad var omvisar.

Samrøystes

PS 61/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vart godkjend utan merknad.

Behandling:

Samrøystes

PS 62/26 Orienteringar og spørsmål

Vedtak:

Orienteringar vart tekne til vitende.

Behandling:

Spørsmål frå Øyvind Grimstad (INP) rundt Pålhaugen-prosjektet vert svara ut i neste møte.

Samrøystes

PS 63/26 Referatsaker

Vedtak:

Ingen referatsaker er meldt opp til møtet.

Behandling:

Ingen referatsaker er meldt opp til møtet.

PS 64/26 Høyringsinvitasjonar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
66/26	Høyering - Forslag til endringar i skiltforskrifta
67/26	Høyering – ny modulstrukturert læreplan for vg3 yrkessjåførfaget
68/26	Høyering - Rapport - Vurdering av innsparingstiltak i avdeling for båt -og bilambulanse
69/26	Høyering av Helsedirektoratets utredning med forslag til styrking av barn og unges rettssikkerheit ved tvangsbruk i psykisk helsevern
70/26	Høyering av Nasjonal fagleg retningslinje for utredning, oppfølging og behandling av kvinner med endometriose og adenomyose
71/26	Høyering av overgangsreglar for hald av vilt som ikkje kan overleve i Norge
72/26	Høyering av standardiserte minimunskrav om nullutsleppsløysingar og biogass på offentlege bygge- og anleggsplassar
73/26	Høyering om forslag til endring av forskrift om tilskot til inkludering av barn og unge
74/26	Høyering om forslag til endringar i opplæringsforskrifta og privatskuleforskrifta om at det ikkje skal reknast som fråvær frå opplæringa når elevane er hos skulehelsetenesta
75/26	Høyering om vidaregåande skuletilbod i Møre og Romsdal

Vedtak:

Formannskapet tek høyringsinvitasjonane til vitende med følgjande merknad:

- Representantane sender inn forslag til høyringssutale på HS 72/26 "Høyering av standardiserte minimunskrav om nullutsleppsløysingar og biogass på offentlege bygge- og anleggsplassar" på e-post til ordførar slik det kan sendast over ein uttale frå formannskapet.
- Eining for kultur vert oppmoda å vurdere høyringa HS 73/26 Høyering om forslag til endring av forskrift om tilskot til inkludering av barn og unge.

Behandling:

Øyvind Grimstad (INP) ynskjer at kommunen gir høyringssvar på HS 72/26 Høyering av standardiserte minimunskrav om nullutsleppsløysingar og biogass på offentlege bygge- og anleggsplassar. Ordførar Bernt Brandal foreslo at representantane sender inn forslag til høyringssutale på HS 72/26 "Høyering av standardiserte minimunskrav om nullutsleppsløysingar og biogass på offentlege bygge- og anleggsplassar" på e-post til ordførar slik det kan sendast over ein uttale frå formannskapet.

Annika Brandal (V) vil oppmode eining for kultur å vurdere høyringa HS 73/26 Høyering om forslag til endring av forskrift om tilskot til inkludering av barn og unge.

Samrøystes

PS 65/26 Høyring endring av vallova - oppteljing av førehandsrøyster

Vedtak:

Formannskapet vedtek å sende høyringssvar, slik det går fram av vedlegget med tilpassingar rundt krinsinndeling som kom fram i møtet, til Kommunal- og distriktsdepartementet.

Behandling:

Ordførar Bernt Brandal (FOHA) fremja endringsforslag om å ta inn tilpassingar i framlegget til uttale rundt krinsinndeling som kom fram i møtet.

Røysting:

Forslaget frå Bernt Brandal blei vedtatt mot ei røyst Kristian Fuglseth (FOHA).

Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet vedtek å sende høyringssvar, slik det går fram av vedlegget, til Kommunal- og distriktsdepartementet.

PS 66/26 Barnehagerute for 2026/2027 for kommunale barnehagar i Hareid

Vedtak:

Formannskapet innstiller på at kommunestyret vedtek:

Barnehageruta for 2026/27 blir vedteke slik ho ligg føre.

Administrasjonen får mynde til å gjere mindre justeringar dersom det skulle oppstå behov.

Behandling:

Samrøystes for innstillinga frå levekårsutvalet.

Kommunedirektøren si tilråding:

Barnehageruta for 2026/27 blir vedteke slik ho ligg føre.

Administrasjonen får mynde til å gjere mindre justeringar dersom det skulle oppstå behov.

Vedtak som innstilling frå Levekårsutvalet - 03.06.2026 - 29/26

Barnehageruta for 2026/27 blir vedteke slik ho ligg føre.

Administrasjonen får mynde til å gjere mindre justeringar dersom det skulle oppstå behov.

PS 67/26 Eigengodkjenning Detaljregulering Syverplassen barnehage (planID 20240001)

Vedtak:

Formannskapet innstiller på at kommunestyret vedtek:

Kommunestyret vedtek i medhald av pbl §12-12 framlegg til Detaljregulering Syverplassen barnehage planID 20240001, med plankart sist revidert 20.04.2026 og med tilhøyrande føresegner sist revidert 20.04.2026.

Kommunestyret opphevar i medhald av plan- og bygningslova § 12-14, den del av PlanID 19850002 som PlanID 20240001 dekker.

Behandling:

Øyvind Grimstad (INP) stilte spørsmål rundt sin habilitet. Formannskapet fann at Grimstad var ugild etter forvaltningslova § 6 andre ledd, fordi sambuaren eig eigedom innanfor planområdet.

Det var seks voterande i saka.

Samrøystes for innstillinga frå næring- og miljøutvalet.

PS 68/26 Nasjonaljubileet 2030 - Jubileumsstafett - Valldal 2029

Vedtak:

Formannskapet innstiller på at kommunestyret vedtek:

Hareid kommune anerkjenner Jubileumsplattform 2030, og arbeidar vidare med deltaking i markeringa av Nasjonaljubileet gjennom samarbeid med Valldal 2029. Samt vidare arbeid med mål om å inngå samarbeidsavtale med Museene Arven, og søke midlar til gjennomføring av aktivitetar og arrangement.

Behandling:

Samrøystes for innstillinga frå levekårsutvalet.

Kommunedirektøren si tilråding:

Hareid kommune anerkjenner Jubileumsplattform 2030, og arbeidar vidare med deltaking i markeringa av Nasjonaljubileet gjennom samarbeid med Valldal 2029. Samt vidare arbeid med mål om å inngå samarbeidsavtale med Museene Arven, og søke midlar til gjennomføring av aktivitetar og arrangement.

Vedtak som innstilling frå Levekårsutvalet - 03.06.2026 - 31/26

Hareid kommune anerkjenner Jubileumsplattform 2030, og arbeidar vidare med deltaking i markeringa av Nasjonaljubileet gjennom samarbeid med Valldal 2029. Samt vidare arbeid med mål om å inngå samarbeidsavtale med Museene Arven, og søke midlar til gjennomføring av aktivitetar og arrangement.

PS 69/26 Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane

Vedtak:

Formannskapet innstiller på at kommunestyret vedtek:

1. Hareid kommune vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, Pkt 5.2.1.a for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefellesskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd :

Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikksjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.

2. Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026

3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommuner for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før verknadsdato for ny samarbeidsavtale den 01.10.2026.

Behandling:

Samrøystes for innstillinga frå levekårsutvalet.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Hareid kommune vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, Pkt 5.2.1.a for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefellesskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd :

Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikksjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.

2. Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026

3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommuner for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før verknadsdato for ny samarbeidsavtale den 01.10.2026.

Vedtak som innstilling frå Levekårsutvalet - 03.06.2026 - 30/26

1. Hareid kommune vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, Pkt 5.2.1.a for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefellesskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd :

Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikksjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.

2. Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026

3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommuner for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye

representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før verknadsdato for ny samarbeidsavtale den 01.10.2026.

PS 70/26 Oppretting av kommunekomité og deltaking i NRK TV-aksjonen 2026 – NRC Flyktninghjelpen

Vedtak:

1. Formannskapet vedtek å delta i NRK TV-aksjonen 2026 – NRC Flyktninghjelpen.
2. Medlemmane i formannskapet vert oppnemnde som kommunekomité, med ordførar som leiar og varaordførar som nestleiar.
3. Servicetorg og politisk sekretariat vert sekretariat for kommunekomiteen, med avgrensa oppgåver samanlikna med tidlegare år.
4. Kommunekomiteen legg til grunn at gjennomføring av ein tradisjonell bøsseaksjon føreset at frivillige tek ein vesentleg del av dei operative oppgåvene.
5. Dersom slik medverknad ikkje let seg realisere, skal kommunen leggje opp til ei løysing med hovudvekt på digitale bøsser.
6. Kommunen gjev ikkje økonomisk bidrag til TV-aksjonen 2026.
7. Gjennomføring av aksjonsdagen skal i størst mogleg grad baserast på bruk av kommunale lokale utan leigekostnader, og eventuelt på ekstern sponning der dette er nødvendig.
8. Formannskapet oppmodar frivillige, lag og organisasjonar til å delta i aksjonen, anten gjennom bøssebæring eller digitale innsamlingsinitiativ.

Behandling:

Samrøystes for kommunedirektøren si tilråding.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Formannskapet vedtek å delta i NRK TV-aksjonen 2026 – NRC Flyktninghjelpen.
2. Medlemmane i formannskapet vert oppnemnde som kommunekomité, med ordførar som leiar og varaordførar som nestleiar.
3. Servicetorg og politisk sekretariat vert sekretariat for kommunekomiteen, med avgrensa oppgåver samanlikna med tidlegare år.
4. Kommunekomiteen legg til grunn at gjennomføring av ein tradisjonell bøsseaksjon føreset at frivillige tek ein vesentleg del av dei operative oppgåvene.
5. Dersom slik medverknad ikkje let seg realisere, skal kommunen leggje opp til ei løysing med hovudvekt på digitale bøsser.
6. Kommunen gjev ikkje økonomisk bidrag til TV-aksjonen 2026.
7. Gjennomføring av aksjonsdagen skal i størst mogleg grad baserast på bruk av kommunale lokale utan leigekostnader, og eventuelt på ekstern sponning der dette er nødvendig.
8. Formannskapet oppmodar frivillige, lag og organisasjonar til å delta i aksjonen, anten gjennom bøssebæring eller digitale innsamlingsinitiativ.

PS 71/26 Samanslåing av eldrerådet og rådet for personar med funksjonsnedsetting (RFU) – slutthandsaming etter høyring

Vedtak:

Formannskapet innstiller på at kommunestyret vedtek:

1. Kommunestyret vedtek å vidareføre eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne som to separate råd.
2. Råda skal gjennomføre felles møte for orienteringar og saker av felles interesse.
3. Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeide forslag til reglement.
4. Bortfall av innsparing på 32 000 kroner i budsjett 2026 blir dekt innanfor ramma til politisk styring og kontroll.

Behandling:

Ordførar Bernt Brandal fremjar forslaget til NMU alt. D. med tillegg av eit punkt om finansiering. Annika Brandal (V) fremja ordlyden i alternativt forslag i saksframlegget:

1. Kommunestyret vedtek å vidareføre eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne som to separate råd.
2. Råda skal gjennomføre felles møte for orienteringar og saker av felles interesse.
3. Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeide forslag til reglement.
4. Bortfall av innsparing på 32 000 kroner i budsjett 2026 blir dekt innanfor ramma til politisk styring og kontroll.

Kristian Fuglseth (FOHA) fremja alt C.

1. Kommunestyret vedtek å vidareføre eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne som to separate råd.
2. Bortfall av innsparing på 32 000 kroner i budsjett 2026 blir dekt innanfor ramma til politisk styring og kontroll.

Røysting:

Det blei røysta alternativt over framlegga.

Framlegg om alternativ D: 6 røyster for (FRP, INP, V, AP, Kjetil Nasset (FOHA) og Bernt Brandal (FOHA))

Framlegg om alternativ C: 1 røyst for (Kristian Fuglseth (FOHA)).

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek å opprette eitt felles råd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne.
2. Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeide forslag til reglement som sikrar balansert samansetjing og tydeleg mandat.

PS 72/26 Omsorgsbustadar ROP - Val av tomt for plassering av bustadar

Vedtak:

Formannskapet innstiller på at kommunestyret vedtek:

Kommunestyret vedtek ei 2-1 deling på plassering av ROP-bustadar.

Kommunestyret vedtek følgjande prioritering som plassering:

- tomt 2
- tomt 11
- tomt 5

Behandling:

Kristian Fuglseth (FOHA) fremja innstilling frå LKU med tillegg av 2-1 fordeling som i NMU: Kommunestyret prioriterer tomt 2 og 11 for plassering av dei tre ROP-bustadane etter ei to-ein deling av plasseringa.

Røysting:

Innstillinga frå NMU: Vedtatt mot to røyster (Øyvind Grimstad (INP) og Kristian Fuglseth (FOHA)).

Kommunedirektøren si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Vedtak som innstilling frå Næring- og miljøutvalet - 02.06.2026 - 16/26

NMU anbefalar ei 2-1 deling på plassering av ROP-bustadar.

NMU foreslår følgjande prioritering som plassering:

- tomt 2
- tomt 11
- tomt 5

PS 73/26 Ny felles gebyrforskrift for vatn og avløp i sjustjerna

Vedtak:

Formannskapet vedtek å leggje forslag til felles gebyrforskrift for vatn og avløp ut på høyring, slik det ligg føre i vedlegget *Ny Forskrift for vass- og avløpsgebyr, Hareid kommune, Møre og Romsdal*.

Tidlegare gebyrforskrift, *Forskrift for vatn- og avløpsgebyr, Hareid kommune, Møre og Romsdal (FOR-2002-07-03-1900)*, gjeld fram til endeleg vedtak.

Behandling:

Samrøystes for kommunedirektøren si tilråding.

Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet vedtek å leggje forslag til felles gebyrforskrift for vatn og avløp ut på høyring, slik det ligg føre i vedlegget *Ny Forskrift for vass- og avløpsgebyr, Hareid kommune, Møre og Romsdal*.

Tidlegare gebyrforskrift, *Forskrift for vatn- og avløpsgebyr, Hareid kommune, Møre og Romsdal (FOR-2002-07-03-1900)*, gjeld fram til endeleg vedtak.

PS 74/26 Klage på vedtak med saksnr. 48/26 og 101/24 - oppføring av frittliggende bustadhus - Plassane 75 - gnr. 41 bnr. 372

Vedtak:

Formannskapet avslår klagene. Klagene vert sendt til Statsforvaltaren for endeleg handsaming.

Behandling:

Kristian Fuglseth (FOHA) fremja forslag a)

Formannskapet avslår klagene. Klagene vert sendt til Statsforvaltaren for endeleg handsaming.

Røysting:

Forslaget frå Kristian Fuglseth blei samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet må ta stilling til eitt av to alternativ:

a) Formannskapet avslår klagene. Klagene vert sendt til Statsforvaltaren for endeleg handsaming.

b) Formannskapet tek klagene til følge.

PS 75/26 Nivå på budsjettering i budsjett og økonomiplan

Vedtak:

Formannskapet innstiller på at kommunestyret vedtek:

Kommunestyret vedtek at budsjett og økonomiplan for 2027 og framover skal vedtakast på einingsnivå.

Kommunestyret krev at tillitsvalde frå alle arbeidstakarorganisasjonane vert involverte i arbeidet med å setje hovuddrammene for budsjettarbeidet på eit tidleg stadium. Det skal på førehand etablerast felles køyrereglar for prosessen og skapast ei delt forståing av kva omstillingar som allereie er gjennomførte og kva arbeid som står att i einingane. Målet er å sikre ein inkluderande prosess prega av felles forståing, og å førebyggje at ulike tilsettgrupper vert sette opp mot kvarandre.

Behandling:

Kristian Fuglseth (FOHA) fremja eit tilleggsframlegg.

Kommunestyret krev at tillitsvalde frå alle arbeidstakarorganisasjonane vert involverte i arbeidet med å setje hovuddrammene for budsjettarbeidet på eit tidleg stadium. Det skal på førehand etablerast felles køyrereglar for prosessen og skapast ei delt forståing av kva omstillingar som allereie er gjennomførte og kva arbeid som står att i einingane. Målet er å sikre ein inkluderande prosess prega av felles forståing, og å førebyggje at ulike tilsettgrupper vert sette opp mot kvarandre.

Kristian Fuglseth (FOHA) fremja eit endringsframlegg.

Kommunestyret vedtek at budsjett og økonomiplan for 2027 og framover skal vedtakast på einingsnivå.

Røysting:

Endringsframlegget frå Kristian Fuglseth blei vedtatt mot to røyster Annika Brandal (V) og Torill Oda Ringstad (Ap).

Tilleggsframlegget frå Kristian Fuglset blei samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding: Kommunestyret vedtek at budsjett og økonomiplan for 2027 og framover skal vedtakast på sektornivå.

PS 76/26 Rapport 1. tertial 2026 Hareid kommune

Vedtak:

Formannskapet innstiller på at kommunestyret vedtek:

1. Hareid kommune sin økonomirapport for 1. tertial 2026 vert godkjent slik den ligg føre.

Behandling:

Samrøystes for kommunedirektøren si tilråding.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Hareid kommune sin økonomirapport for 1. tertial 2026 vert godkjent slik den ligg føre.

PS 77/26 Vedlikehald av Åsenvegen

Vedtak:

Formannskapet innstiller på at kommunestyret vedtek:

Alternativ 3: Kommunen utfører ikkje ytterlegare vedlikehaldsarbeid, men vidarefører ei avgrensa ordning der eigarane kan få tilskot til grus, t.d. inntil 10 m³ per år., då dette er ein mykje brukt turveg.

Behandling:

Samrøystes for innstillinga frå næring- og miljøutvalet.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret vedtek:

Alternativ 3: Kommunen utfører ikkje ytterlegare vedlikehaldsarbeid, men vidarefører ei avgrensa ordning der eigarane kan få tilskot til grus, t.d. inntil 10 m³ per år., då dette er ein mykje brukt turveg.

Vedtak som innstilling frå Næring- og miljøutvalet - 02.06.2026 - 14/26

Alternativ 3: Kommunen utfører ikkje ytterlegare vedlikehaldsarbeid, men vidarefører ei avgrensa ordning der eigarane kan få tilskot til grus, t.d. inntil 10 m³ per år., då dette er ein mykje brukt turveg.